HORDALAND FYLKESKOMMUNE | KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Arkivnr: 2017/1892-13
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.09.2017

# Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for 2017-2018


**Samandrag**
Hordaland fylkeskommune er tildelt til saman kr 19 142 796 til Den kulturelle skolesekken. Jamfør tildelingbrev frå Kulturtanken skal desse midlane fordelast med omlag kr 9,1 mill. til grunnskulen og kr 3,5 mill. til vidaregåande skule. Skulekonsertmidlar for kalenderåret 2017 utgjer kr 6 543 027 av den totale tildelinga. Den delen av midlane som går til grunnskulen er utgangspunktet for vidare fordeling til kommunane.


**Forslag til vedtak**

| | |
|---|---|
| 1. | Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka. |
| 2. | Total tildeling på kr 19 142 796 vert fordelt slik:<br>Del skulekonsertar: kr 6 543 027<br>Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 3 499 769<br>Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 9 100 000 |
| 3. | Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:<br>Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 3 755 533<br>Tildeling til kursregionane: kr 250 000<br>Hordaland fylkeskommune: kr 5 094 467 |
| 4. | Tildeling til kommunane vert fordelt slik: |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Askøy | kr | 311 889 | Meland | kr | 110 120 |
| Austevoll | kr | 103 626 | Modalen | kr | 26 946 |
| Austrheim | kr | 47 385 | Odda | kr | 94 279 |
| Bømlo | kr | 180 308 | Os | kr | 203 581 |
| Eidfjord | kr | 28 975 | Osterøy | kr | 155 762 |
| Etne | kr | 71 572 | Radøy | kr | 85 765 |
| Fedje | kr | 27 781 | Samnanger | kr | 54 991 |
| Fitjar | kr | 61 038 | Stord | kr | 210 830 |
| Fjell | kr | 320 353 | Sund | kr | 117 342 |
| Fusa | kr | 107 914 | Sveio | kr | 99 776 |
| Granvin | kr | 29 691 | Tysnes | kr | 73 393 |
| Jondal | kr | 30 168 | Ullensvang | kr | 86 290 |
| Kvam | kr | 151 053 | Ulvik | kr | 30 646 |


**Hordaland fylkeskommune**
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | kr | 262 372 | Vaksdal | kr | 79 997 |
| Lindås | kr | 226 119 | Voss | kr | 218 520 |
| Masfjorden | kr | 52 206 | Øygarden | kr | 94 843 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg
1 Tildeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for 2017-2018
2 Fordeling til kommunar

**Fylkesrådmannen, 22.08.2017**

Ved kongeleg resolusjon av 28. april 2017 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Kr 270 000 000 av overskotet går til Den kulturelle skolesekken, og av dette er Hordaland fylkeskommune tildelt kr 19 142 796. Midlane er fordelte etter ein fordelingsnøkkel der variablane elevtal, geografiske avstandar og infrastruktur inngår.

Tilskotet inkluderer kr 6 543 027 til skulekonsertordning for kalenderåret 2017. Denne var tidlegare tildelt frå Rikskonsertane. Før neste tildeling vil Kulturtanken utarbeide ein ny fordelingsnøkkel i samråd med fylkeskommunar og direktekommunar. Endringane vil gå fram av førebels tilskotsbrev for skuleåret 2018-2019, som vil bli send fylkeskommunar og direktekommunar innan 1. november 2017.

Bergen kommune er ein direktekommune, og har derfor sjølv ansvar for Den kulturelle skolesekken. Frå og med skuleåret 2017-2018 får dei sin del av spelemidlane til Den kulturelle skolesekken direkte tildelt frå Kulturtanken. Tidlegare har dei fått midlane tildelt via Hordaland fylkeskommune. Kulturtanken er i gang med ei kartlegging av ordninga med direktekommunar, og vil ikkje handsame nye søknadar om å bli direktekommune før dette arbeidet er ferdig og evaluert.

Av midlane som er tildelte Hordaland fylkeskommune, skal omlag kr 9,1 mill. nyttast på grunnskulen og kr 3,5 mill. på vidaregåande skule. Den delen som skal nyttast på grunnskulen er utgangspunktet for vidare fordeling av midlar til kommunane.

**Fordeling av midlane**
Minst ein tredjedel av midlane til grunnskulen skal fordelast vidare på kommunane, til lokale tiltak. Tilsvarande skal minst ein tredjedel, samt midlane øyremerkt vidaregåande skule og midlar overført frå tidlegare skulekonsertordning, gå til tiltak i regi av Hordaland fylkeskommune.

I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som med sin del av tredjedelen ville hatt lite midlar å nytte til lokale tiltak. Derfor er det vedtatt tillegg til kommunane med utganspunkt i tal skular i kvar kommune. Det går også kr 50 000 til interkommunale tiltak i dei fem kursregionane i Hordaland. Tillegget til kommunane og midlane til interkommunale tiltak er tatt frå den siste tredjedelen av spelemidlane. Resterande del av den siste tredjedelen går til styrking av HFK sit tilbod, og vert såleis nytta til turnering og formidling i kommunane.

**Rapportering**
Både Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland skal rapportere til Kulturtanken om følgjande:
- Økonomi og ressursbruk, del tildelte midlar nytta til administrasjon.
- Gjennomførte aktivitetar innan alle uttrykk.
- Gjennomført utviklingsarbeid.
- Elevmedverknad.
- Samarbeid mellom kultur-, forskings- og utdanningssektor.

All rapportering vert gjort per kalenderår på eit nettbasert rapporteringsskjema, og skal verte vurdert i samsvar med mål og prinsipp for Den kulturelle skolesekken.

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg overfor Kulturtanken for rapporteringa både for tilskotet fylkeskommune sjølv forvaltar, og for det som vert fordelt vidare til kommunane. Kulturtanken vurderer rapportane frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, medan Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for vurdering av rapportane frå dei resterande kommunane. Prosessen for godkjenning skal vera enkel.

Hordaland fylkeskommune skal rapportere etter følgjande fristar:
- Budsjett og plan for 2018: 1. desember 2017.
- Rapport for 2017: 15. februar 2018.
- Revidert rekneskap for 2017: 1. mars 2018.

Hordaland fylkeskommune justerer kommunane sine fristar etter ovanfor nemnde fristar, og opplyser om dette i deira tildelingsbrev.

**Fordeling skuleåret 2017-2018**
Fylkesrådmannen rår til at total tildeling på kr 19 142 796 vert fordelt slik:

Del skulekonsertar: kr 6 543 027
Del Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule: kr 3 499 769
Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen: kr 9 100 000

Del Den kulturelle skolesekken i grunnskulen vert fordelt slik:
Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg): kr 3 755 533
Tildeling til kursregionane: kr 250 000
Hordaland fylkeskommune: kr 5 094 467

Tildeling til kommunane vert fordelt slik:

| | | |
|---|---|---|
| Askøy | kr | 311 889 |
| Austevoll | kr | 103 626 |
| Austrheim | kr | 47 385 |
| Bømlo | kr | 180 308 |
| Eidfjord | kr | 28 975 |
| Etne | kr | 71 572 |
| Fedje | kr | 27 781 |
| Fitjar | kr | 61 038 |
| Fjell | kr | 320 353 |
| Fusa | kr | 107 914 |
| Granvin | kr | 29 691 |
| Jondal | kr | 30 168 |
| Kvam | kr | 151 053 |
| Kvinnherad | kr | 262 372 |
| Lindås | kr | 226 119 |
| Masfjorden | kr | 52 206 |

| | | |
|---|---|---|
| Meland | kr | 110 120 |
| Modalen | kr | 26 946 |
| Odda | kr | 94 279 |
| Os | kr | 203 581 |
| Osterøy | kr | 155 762 |
| Radøy | kr | 85 765 |
| Samnanger | kr | 54 991 |
| Stord | kr | 210 830 |
| Sund | kr | 117 342 |
| Sveio | kr | 99 776 |
| Tysnes | kr | 73 393 |
| Ullensvang | kr | 86 290 |
| Ulvik | kr | 30 646 |
| Vaksdal | kr | 79 997 |
| Voss | kr | 218 520 |
| Øygarden | kr | 94 843 |